



SAKSBEHANDLER Ingrid Melgård
Jorun Elisabet Aresvik Hals

INNVALGSTELEFON

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
10/01867-3

DERES REF.

DERES DATO

ARK. B - Bygninger
269 (Meland) Meland - Ho

VÅR DATO
15.08.2016


Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Holmestova på Ståvetunet, Holmeknappen 19 - 10/65 - Meland kommune - Vedtak om særskilt sikringszone

Riksantikvaren fattar følgjande vedtak i tilknytning til erklæring 15.8.2016 om automatisk freda byggverk:

VEDTAK:

Riksantikvaren fastsett ei særskilt sikringszone på 1,3 meter for Holmestova, bygningsnr. 176016280 på Ståvetunet, gnr./bnr. 10/65, Meland kommune. Grensa til sikringssona reknast frå ytterkanten av det automatisk freda byggverket. Vedtaket blir gjort med heimel i lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kml) § 6 første ledd første punktum.



Grunngjeving og følgjer av vedtaket

Med til eit automatisk freda byggverk jf. kml § 4 tredje ledd høyrer det ei sikringssone på fem meter frå den synlege ytterkanten til byggverket om ikkje anna er fastsett jf. kml § 6 andre ledd. Riksantikvaren har høve til å fastsette ei særskilt sikringssone, jf. kml § 6 første ledd andre punktum.

For denne eigedomen har Riksantikvaren vurdert at sikringssona vert innskrenka til 1,3 meter i høve til eigedomsgrensene. Innafor eigedomsgrensene er det ikkje venteleg at det kan gjerast tiltak som vil kunne gjera skade på den automatisk freda bygningen. Det er lagt vekt på at det rundt bygningen skal vere rom for å gjere naudsynte vedlikehald og reparasjonar på den erklært automatisk freda bygningen. Sikringssonen er difor sett til 1,3 meter.

Sikringssona rundt eit automatisk freda kulturminne har same vern som kulturminnet. Kml § 15 fjerde ledd skal nyttast tilsvarande for sikringssona så langt det passar. I denne føresegna heiter det ingen må rive, flytte, påbygge, endre, forandre materialar eller farger eller foreta andre endringar som går lenger enn vanleg vedlikehald. Tiltak ut over dette krev dispensasjon frå fredinga etter kml § 15 a.

Sikringssona er sett for å sikra det erklært freda byggverket, ikkje området i seg sjølv. Dette får tyding for handsaminga av dispensasjonssøknader for sikringssona.

Klagerett

Etter vår forståing har de blitt opplyst om at det følgjer ei sikringssone med erklæringa av Holmestova som automatisk freda. Dersom de er usamde i avgrensinga på sikringssona eller av andre grunnar meiner den er fastsett på feil grunnlag kan de klage på vårt vedtak om særskilt sikringssone.

Ein eventuell klage skal sendast til Riksantikvaren innan tre veker frå dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Om vi ikkje tek klagen til følgje, sender vi den vidare til Klima- og miljødepartementet som avgjer saka med endeleg verknad, jf. forvaltningslova § 28.

Tinglysing

Det endelege vedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kml § 22 nr. 5. Sikringssona blir tinglyst saman med erklæringa om det automatisk freda byggverket.

Beste helsing

Jørn Holme

Hanna Kosonen Geiran
avdelingsdirektør

Brevet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Kopi til: Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO/ Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen

